



# DEN NORSKE KYRKJA

## Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 22.12.2020

### Møtebok Høyanger sokneråd

Møtedato: 09.12.2020

Møtetid: Kl. 17.00

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor (Møterom)

### Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Marit Tonning, Trond Gandrud, Lars Petter Amundrud, Andreas Ester, Bjørnar Otterstein.

### Forfall:

Veronica Vågen, som har gjeve si stemme via epost vedr. begge sakene i dag. Eposten vert lagt ved møteboka.

### Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordfører Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekklus, kontor Gerda Otterstein, sekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

### Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok. Innkalling og møtebok vart godkjent utan merknader. Det vart meldt inn ei ekstra vedtakssak som får saksnummer 046/20 Søknad om økonomisk stønad til digital gudsteneste. Det er ingen meldingssaker.

### Vedtaksaker

#### Sak 044/20 Høyanger Bedehus

##### Vedtak:

Høyanger sokneråd vurderer det slik at det er viktig å ha eit eige kyrkjelydshus for å kunne drive eit aktivt og framtidsretta kyrkjelydsarbeid i det største soknet i kommunen. Høyanger bedehus er eit aktuelt bygg å satse på, og soknerådet vil be om å få tre inn i intensjonsavtalen med SFI, på like vilkår, men i staden for HKF, som har sagt nei. Etersom dette er ei stor avgjerd vi ikkje vil ta åleine, ynskjer vi å leggje saka fram for kyrkjelyden i Soknemøte/Årsmøte våren 2021, før endeleg avgjerd.

På denne bakgrunn ber HS om at frist for inngåing av intensjonsavtale vert forlenga fram til 30.06.2021. Soknerådsleiar vil kontakte SFI om dette, og syte for at det vert sendt ein formell søknad om forlenging av intensjonsavtalen.

#### Sak 045/20 Val av leiar og nestleiar i soknerådet

**Vedtak:** Leiar: May-Wenche Fossmark vart attvald med 6 stemmer, 1 blank stemme  
Nestleiar: Marit Tonning vart attvald med 5 stemmer, 2 blanke stemmer

#### Sak 046/20 Søknad om økonomisk stønad til digital gudsteneste frå Lavik kyrkje på julafta

**Vedtak:** Høyanger sokneråd ønskjer å bidra med kr. 4 000,- slik at den digitale gudstenesta frå Lavik kyrkje kan realiserast.

Møtet slutt kl. 18.00.

Referent: May-Wenche Fossmark